



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/1674-3

Sakshandsamar: Olav Bjørn Bakken

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	09.04.2025	28/25

Søknad frå Statkraft om endring av manøvreringsreglementet for Byrtevatn, høyring

Saksframlegg godkjent .

Vedlegg

- 1 Søknad om endring av manøvreringsreglement for vannslipp fra Byrtevatn0.pdf

Bakgrunn for saka

Søknad frå Statkraft om å endre konsesjonsvilkåret for slepp av minstevassføring i Mosåi – sjå vedlegg

Saksutgreiing

Byrtevatn har ei reguleringshøgde på 18,3 m. Normalvasstanden før reguleringa låg på 439 m.o.h. Lågaste regulerde vasstand (LRV) er 427,3 m og høgaste regulert vasstand (HRV) ligg på 445,6 m.

Byrtevatn har no då ein høgste vasstand som ligg 6,6 m over normalen før regulering, og kan tappast ned 11,7 m under tidlegare normal vasstand.

I samband med vilkårsrevisjonen kravde kommunen minstevassføring i dei fleste tørrlagde elvar, men berre Tokkeåi og Mosåi fekk endra vilkår med minstevassføring.

No er vilkåret for Mosåi slik: «*Fra Byrtevatn skal det slippes 0,2 m²/s i perioden 15.5 – 15.9 når vannstanden i magasinet er over kote 435*».

Statkraft søkjer om å endre vilkåret til:

«*Fra Byrtevatn skal det slippes 0,2 m²/s i perioden 15.5 – 15.9 når vannstanden i magasinet er over kote 437,5*».

Søknaden inneber at ein ventar med å sleppe minstevassføring til Byrtevatn har auka med 2,5 m samanlikna med gjeldande vilkår.

I arbeidet med å fremje krav vart det lagt til grunn at kote 435 var terskelen for naturleg avrenning frå Byrtevatn og til Mosåi. Det har ikkje vore meininga med pumping av vatn for å oppfylle dette konsesjonsvilkåret.

Det var i samband med prosjektering av tappeløysing frå Byrtevatn til Mosåi at Statkraft oppdaga at deira grunnlag var feil, og at vasstanden i åi nedanfor dammen gjer at vatnet i Mosåi renn inn i Byrtevatn på kote 435, og at ein må opp til kote 437,5 for å oppnå sjølvfall ut av Byrtevatn og unngå pumping.

Statkraft har vurdert 4 ulike løysingar:

1. Etablere ei teknisk løysing som fungerer frå kote 435 (pumping)
2. Kanalisere eller senke (grave ut) vasstanden i Mosåi om lag 500 m nedstarums dammen for å oppnå sjølvfall frå kote 435.
3. Tilpasse produksjonen slik at vasstanden i Byrtevatn når kote 437,5 før 15.mai.
4. Endre vilkåret til 437,5 m.

Statkraft konkluderer i søknaden med at alternativ 4 er den beste, og søker difor om endring av manøvreringsreglementet tilsvarande.

Vurdering og konklusjon

Utfordringa i saka gjeld i praksis perioden 15.mai til 1.juni sidan Byrtevatn skal vere oppe på kote 443,6 m innan 1.juli. Dette er ein periode der normaltilsiget til Byrtevatn er stort og vasstanden når kote 443 i midten av juni.

I denne perioden er det resttilsig frå ein bekk 250 m nedstraums dammen samt anna resttilsig, som Statkraft antek at dei fleste år vil gje god tilførsel av vatn til Mosåi i denne vårperioden. Det er grunn til å tru at dette er rett, men 200 l/s i tillegg ville naturlegvis gje enno meir vatn i Mosåi.

Tokke kommune ynskte i revisjonssaka at Byrtevatn vart fylt opp til kote 443,6 innan 1.juni i staden for 1.juli, men fekk ikkje gjennomslag for dette. Ved å halde fast på vilkåret om minstevassføring i Mosåi frå 15.mai og kote 435 vil alternativ 3 med å tilpasse produksjonen vere ei god løysing. Den vil både gje tidlegare fylling av Byrtevatn på våren og meir vatn i Mosåi.

Om Statkraft skal styre (tilpasse) produksjonen på våren slik at vasstanden i Byrtevatn når kote 437,5 innan 15.mai, så må dei legge ei prognose for tilsig til grunn. År om anna kan ein få store utslag båe vegar, men i denne samanheng er det tørrår (lite vårtilsig) som vil vere ei utfordring. Korleis dette vil slå ut i praksis er ikkje nærare gjort greie for i søknaden frå Statkraft, og kommunedirektøren tilrår at Statkraft får pålegg om å greie ut konsekvensane også for alternativ 3 med å tilpasse produksjonen og halde fast på kravet om 200 l/s frå 15.mai.

Kommunedirektørens tilråding

Tokke kommune tilrår at manøvreringsreglementet for Byrtevatn og Mosåi ikkje vert endra, og at alternativet med å tilpasse produksjonen slik at Byrtevatn når kote 437,5 før 15.mai vert nærare utgreidd før det vert gjort vedtak i saka.

Formannskap si handsaming av sak 28/2025 i møtet den 09.04.2025

Røysting

Framlegg frå Jon Aslak Austjore (Sp) og Camilla Lagergren Knudsen (Sp):

Tokke kommune tilrår at manøvreringsreglementet for Byrtevatn og Mosåi ikkje vert endra, jfr. alternativ 3.

Framlegget frå Jon Aslak Austjore (Sp) og Camilla Lagergren Knudsen (Sp) blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Tokke kommune tilrår at manøvreringsreglementet for Byrtevatn og Mosåi ikkje vert endra, jfr. alternativ 3.
